

Statsforvaltaren i Vestland  
Kaigaten 9  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/11230 - 21/4312

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
19.01.2021

## Førespurnad om avklaringsmøte

### **Planendring for Eidsnes næringsområde, gbnr. 244/57 mfl. PlanID 1263-201115**

På vegne av ATR Egedom AS og Tippetue Arkitekter AS ber Alver kommune om eit møte med Statsforvaltaren i Vestland. Intensjonen med møtet er og avklare vidare planprosess og andre forhold som vart belyst ved begrensa høyring av søknad om planendring etter forenkla prosess.

#### **Agenda for møtet**

##### 1.Grunnlag for motsegn

Avklaring kring utdrag frå uttale 15.12.2020 «Vi meiner endringane kan danne grunnlag for motsegn». Er grunnlag for motsegn knytt til endringane uavhengig av planprosess, eller er dette knytt til søknad om planendring etter forenkla prosess?

##### 2.Utforming av hamneformål og lengde på pir

Førespurnad om vurdering av vedlagt forslag til utforming av arealformål, vist ved illustrasjonsplan. Forslaget tek i større grad omsyn til føringane i landskaps analysen, og endrar ikkje den austlege avgrensinga for hamneformålet.

I Statsforvaltaren si uttale 15.12.2020 er det vist til at piren vil gå utanfor planområdet. Forslagsstilar er ikkje eining i Statsforvaltaren si vurdering. I føresegni er det føreslått ny tekst som sikrar at piren ikkje kan etablerast utanfor planområdet. Piren si avgrensing er i hovudsak knytt til formålet, dernest til metermål vidareført frå gjeldande plan. Faktisk lengde på piren må uansett forholde seg til arealformålet. Lengda på piren kan i alle fall endrast om det er ei løysing.

##### 3.Biologisk mangfold i sjø

Når det gjeld naturmangfold og omsyn til gyteområdet for torsk, så føreslår Fiskeridirektoratet i si uttale at det kan løysast ved utforming av eit føresegn som set krav til at utfylling av massar må skje utanom gyteperioden frå januar til og med juni. Forslagsstilar ynskjer ei tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Vestland om ei slik løysing.

## 4. Andre tema

Andre punkt som kjem fram av Statsforvaltaren si uttale om blant anna pir, byggehøgde og utnyttingsgrad vurdera forslagsstillar gjeld eigentleg eksisterande plan for næringsområdet og i mindre grad søkte endringar. Innspela kan vurderast og eventuelt be- og innarbeidast som del av ei planendring og gjennom vidare dialog, om det skulle vera ynskjeleg.

**Alver kommune ber om ei tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Vestland innan 10.2.2021.**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

Illustrasjonsplan forslag 18.01.2021

## Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Kaigaten 9

5020 BERGEN